

---

**Fra:** Arne Aven <aaven@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 29. januar 2019 20.23  
**Til:** Marte Hagen Eriksrud  
**Emne:** Kommuneplanen Åtun seniorbustad - endring av innspel.

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei

Viser til tidlegare innsendte skisser og til seinare kontakt og samtalar med deg. I vårt arbeid med prosjektet ser vi at det er usikkert og kan ta tid, å få til grunnavtale med eigar av gnr/bnr 108/622. Av den grunn ønskjer vi å endre vårt innspel slik at heile vårt areal til bustadføremål vert liggjande innafor tomtegrensene til Tomteselskapet gnr/bnr 108.

Vi har og fått vite at ein utbyggingsmåte med lavblokker i t.d 3 maks 4 etasjar, både økonomisk og praktisk, kan vere ei gunstigare utbygging enn den vi har vist i innsendte skisser. For oss er det difor viktig at kommuneplanen opnar for bustadbygging med 3 eller 4 etasjer i området.

Som nemt samarbeider vi no med Vestbo for å finne fram til ei endra byggjeløysing som vi ønskjer skal leggjast til grunn for seinare regulering av området. I dette arbeidet, som vi reknar med å gjennomføre i februar, har vi behov for møter med kommunen for å tilpasse prosjektet vårt til kommuneplanen.

Eg kjem tilbake så snart vi har forslag til endra løysing.

Mvh

Arne Aven.

Lindås pensjonistlag

Arbeidsgruppa for Åtun seniorbustader.